

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

## Regionreforma. Oppgåveoverføring frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til dei grunnleggande målsettingane i kulturmeldinga og regionreforma om å overføre budsjettmidlar og ansvar frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen. Fylkestinget støtter det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.
2. Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka.
3. Fylkestinget strekar under at overføring av ansvar og oppgåver på det kunst- og kulturpolitiske området er avgjerande for at regionreforma skal lukkast.
4. Fylkestinget føreset at overføring av oppgåver og ansvar til fylkeskommunen medfører full økonomisk kompensasjon på 2021-nivå, og at nivået på løyingane til kunst- og kulturinstitusjonane vert oppretthalde.
5. Fylkestinget legg til grunn at staten framleis skal ha ansvar for overordna oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk. Staten skal vidare, gjennom oppfølging og revisjon av kulturlova og nasjonale forventningar til planlegging, legga grunnlaget for ein sterk nasjonal kulturpolitikk.
6. Fylkestinget støttar tilrådinga frå Norsk Kulturråd om utvikling av ein struktur av regionale ressurs- og kompetansesentra for profesjonell kunst innanfor ulike uttrykk og sjangrar. Det er viktig at regionalpolitisk planlegging og regionale behov vert lagt til grunn for denne utviklinga.
7. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til forpliktande, formalisert dialog mellom forvaltningsnivå på kulturområdet, både politisk og administrativt, for å styrka den nasjonale kulturpolitikken og å samordna arbeidet til beste for institusjonane.

## Samandrag

Saka gjer greie for prosessen med overføring av oppgåver og ansvar frå Kulturdepartementet til Vestland fylkeskommune som lekk i regionreforma. Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget stiller seg bak Kulturdepartementet sitt framlegg slik det går fram av saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Invitasjon frå KUD til oppstartsmøte med fylkeskommunene – regionreform – drøfting av oppgavedeling på kulturområdet
- 2 Invitasjon frå KUD til fylkeskommunen 3.sept. 2019
- 3 Referat frå møte mellom KUD og VLFK 3.sept. 2019
- 4 Invitasjon til møte 25.nov. 2019 frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen
- 5 Program for møte om regionreforma 8.nov. 2019

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Med regionreforma ønskjer regjeringa å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle deler av landet, basert på regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar. Fylkeskommunane er sentrale i å tilpassa den regionale politikken til dei nasjonale og regionale utfordringane vi står ovanfor.

Regjeringa vil styrka fylkeskommunane som samfunnsutviklarar slik at dei får fleire verkemiddel til å utvikla fylket i ønska retning.

I samband med regionreforma, og i samsvar med dei aktuelle stortingsmeldingane, har Kulturdepartementet sett i gang ein prosess med mål om overføring av oppgåver, ansvar og midlar frå stat til fylkeskommunar.

ProsesSEN omhandlar overføring av oppgåver og budsjettmidlar frå staten til fylkeskommunen, og er avgrensa til verksemder som no mottek driftstilskot over statsbudsjettet. Fylkeskommunane har vidare blitt bedne om å vurdera kulturrådet sine verkemiddel og konkrete tilskotspostar med tanke på overføring til fylkeskommunen.

Kulturdepartementet har understreka at hovudføremålet er å overføre budsjettmidlar frå staten til fylkeskommunane som oppfølging av kulturmeldinga og regionreforma.

### Kulturpolitisk mål

Det kulturpolitiske målet er å styrke kulturen og heve statusen og engasjementet for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå. På den måten vert kulturpolitikken i større grad ei nasjonal satsing kor verkemiddel og tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå inngår.

Kulturmeldinga, Stortingsmelding 8 (2018-2019) «Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida», vart vedteke av Stortinget 14.05.19 og legg grunnlaget for vidare dialog mellom forvaltningsnivåa.

Overføringa av oppgåver er varsle gjeldande frå 2021.

### Prosess

Kulturdepartementet inviterte fylkeskommunane til orientering og dialog under oppstartsmøtet på Gardermoen 21. mai 2019, der Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar var representerte administrativt og politisk. Det vart då varsle møte med den enkelte fylkeskommune på administrativt nivå hausten 2019.

Nye Vestland fylkeskommune vart invitert til drøftingsmøte med Kulturdepartementet 3. september 2019. Drøftingane gjekk føre seg på administrativt nivå.

Kulturministeren inviterte fylkeskommunane til orienteringsmøte 25. november 2020. Nye Vestland var representert ved fylkesordførar, utvalsmedlem frå utval for kultur, idrett og integrering, samt representantar frå administrasjonen.

### Grunnlag for drøfting

Føremålet med det administrative drøftingsmøtet 3. september var å gå gjennom aktuelle oppgåve- og ansvarsområde og vurdere overføring av budsjettmidlar under dei ulike områda frå staten til fylkeskommunane. Målet var å kome fram til eit felles utgangspunkt for den vidare prosessen.

Drøftingane handla mellom anna om kva verkemiddel og konkrete tilskotspostar som kan føreslås overført i sin heilskap til fylkeskommunal forvaltning, og kva institusjonar som bør inngå i eit nasjonalt nettverk av profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjonar med delt forvaltningsansvar mellom stat og region.

Drøftingane omhandla ansvarsfordeling og budsjettmidlar knytt til tre oppgåveområde:

1. Regional tilrettelegging for profesjonell kunstnarisk verksemd, jf. kulturlova § 4 og 5.

Drøfting av ein struktur av regionale ressurs- og kompetansesenter for profesjonell kunst, og samordning av og overføring av ansvar for tiltak som i dag blir forvalta av kompetansesenter for musikk og dans, og regionale kunstsenter, forfattarsenter, filmsenter og tilsvarande.

2. Eit utvida ansvar for kulturoppgåver på regionalt nivå, jf. kulturlova § 4 og 5.

Identifisere tiltak på statsbudsjettet med sterkt lokal eller regional forankring, som ikkje har ein etablert posisjon på nasjonalt nivå.

3. Eit utvida regionalt ansvar for profesjonelle kulturinstitusjonar med eit nasjonalt mandat, jf. kulturlova § 3, 4 og 5.

Prinsippet om delt finansiering mellom stat og region for eit nasjonalt nettverk av musikk- og scenekunstinstitusjonar er tenkt videreført, samt musea i det nasjonale museumsnettverket. Det skal vere minst éin institusjon med delt finansiering i kvart fylke. Kulturdepartementet og fylkeskommunane drøfta kva institusjonar som bør forvaltas regionalt og kva staten skal vidareføre ansvaret for.

Ordningsa med faste fordelingsnøklar knytt til staten sitt budsjettvedtak vert ikkje videreført. Dette vil vera i samsvar med kommunelova. Departementet vil føreslå nye fordelingsnøklar for finansiering

av musea i det nasjonale museumsnettverket og institusjonar i eit nasjonalt nettverk for musikk- og scenekunstinstitusjonar. Den regionale prosentdelen skal som hovudregel utgjera størstedelen av tilskotet.

### **Statleg framlegg**

Nye Vestland fylkeskommune gjennomførte i september - oktober 2019 dialog- og orienteringsmøte med kvar av verksemndene som er omfatta. Medverkande kommunar som Bergen, Nye Sunnfjord og Nye Stadt var representerte på alle relevante møte. I tillegg vart det gjeve orientering til andre større verksemder om regionreforma.

Nye Vestland fylkeskommune inviterte i samarbeid med Kulturdepartementet til regionalt drøftingsmøte 8. november 2019 der kunst- og kulturlivet var invitert saman med kommunane. I møtet la Kulturdepartementet fram sitt framlegg til fordeling av oppgåver og finansiering mellom staten og Vestland fylkeskommune.

I framlegget legg departementet vekt på at staten må ha overordna ansvar for nasjonale kulturpolitiske mål.

I utgangspunktet skal ingen institusjonar ha 100 % statleg finansiering.

### **Statleg majoritetsansvar**

Staten vil ha majoritetsansvar for institusjonar og tiltak som er spesialiserte og/eller unike i nasjonal samanheng. I Vestland fylkeskommune gjeld dette:

- Den Nationale Scene
- Bergen Filharmoniske Orkester
- Carte Blanche

Den Nationale Scene og Bergen Filharmoniske orkester mottek i dag 100 % av drifta frå staten. Departementet føreslår at finansieringa frå 2021 vert 90 % frå Kulturdepartementet og 10 % frå Vestland fylkeskommune.

Carte Blanche mottek i dag 70 % av drifta frå staten, 15 % frå Vestland fylkeskommune og 15 % frå Bergen kommune. Kulturdepartementet føreslår at denne fordelinga vert utgangspunktet i 2021.

### **Regionalt majoritetsansvar**

Kulturdepartementet føreslår delt finansiering mellom stat og region for eit nasjonalt nettverk av musikk- og scenekunstinstitusjonar, samt musea i det nasjonale museumsnettverket, med regionalt majoritetsansvar. I Vestland fylkeskommune gjeld dette:

- Baroniet Rosendal
- Bergen sjøfartsmuseum
- Bymuseet i Bergen
- Hardanger og Voss museum
- KODE
- Musea i Sogn og Fjordane
- Museum Vest
- Museumssenteret i Hordaland
- Kraftmuseet
- Sunnhordland Museum
- BIT Teatergarasjen
- 

### **Regionalt ansvar**

Verksemder med sterkt lokal og regional forankring vert overførte frå staten til fylkeskommunen. I Vetland fylkeskommune gjeld dette:

- Fargespill Bergen
- Det Vestnorske Teateret (tidl. Hordaland teater)
- Litteraturhuset i Bergen
- Opera Nordfjord
- Teater Vestland (tidl. Sogn og Fjordane teater)
- Statsraad Lehmkuhl
- Vestlandske teatersenter
- Bergen Nasjonale Opera
- Edvard Grieg kor

Kulturdepartementet vil koma attende til dans, film og det visuelle kunstfeltet.

### **Norsk kulturråd**

Det vil bli arbeida for å etablera eit større regionalt ansvar for regionale kompetansesetre som i dag mottek driftsstøtte frå Norsk Kulturråd. Kulturrådet har tilrådd ein struktur av slike kompetansesentre der oppgåver vert overførte til fylkeskommunane.

### **Kommunale tilskot**

Eventuelle kommunale driftstilskot til institusjonane er føresett vidareført uavhengig av fordelinga mellom stat og fylkeskommune.

### **Finansiering**

Kulturdepartementet legg til grunn at den statlege delen av finansieringa som fylkeskommunen skal overta vert kompensert fullt ut.

Budsjett-teknisk vil dette mest sannsynleg gjerast i form av ein C-tabell der midlane er avsette til det overordna føremålet.

Øyremerkning av midlane vert vurdert å vera i strid med regionreforma sin hovudintensjon som ei demokrati reform.

### **Eigarskap og styreoppnemning**

Eigarskap til kunst- og kulturinstitusjonar er førebels ikkje tema i reforma. Det vert ikkje føreslått overføring av eigarskap frå staten til fylkeskommunane. Dette gjeld og ansvar for oppnemning av kandidatar til styre.

### **Andre verkemiddel**

Staten vil framleis ha eit overordna nasjonalt ansvar for kunst- og kulturpolitikken. I denne samanhengen vert det arbeida med ei styrking av kulturlova samt sterke uttrykte nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Initiere systematisert dialog mellom kulturdepartementet og fylkeskommunane. • Bruke konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KS) og regjeringa.
- Gjennomgå kulturlova for å sikra kulturområdet som del av kommunal og regional planlegging, styrka samhandlinga mellom forvaltningsnivåa, og sikra prinsippet om armelengds avstand.
- Vurdere å tydeleggjere nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging i tråd med nasjonale kulturpolitiske mål, jf. PBL § 6-1.

Staten vil også initiera følgjeforsking og implementera system for risikovurdering og evaluering.

### **Prosessens vidare**

Kulturdepartementet har varsla at det i byrjinga av 2020 vert forventa einighet mellom KUD og kvar fylkeskommune om forslag til ny oppgåvefordeling. Denne vert fremja til Stortinget for behandling i Kommuneproposisjonen for 2021 (april 2020) og KMD og KUD sine budsjettpropisisjonar for 2021 (oktober 2020).

Framlegg til utvida kulturlov vert fremja for Stortinget før påske, med verknad frå 1.1.2021 (parallelt med oppgåveoverføringane).

*Mai 2020*

Kommuneproposisjonen vert lagt fram for handsaming i Stortinget, med framlegg frå KUD basert på semje med fylkeskommunane når det gjeld oppgåveoverføringar på kulturområdet.

*Oktober 2020*

Regjeringa legg fram budsjettpropisisjon for 2021 for Stortinget

*Desember 2020*

Stortings handsamar statsbudsjettet, med ny oppgåvedeling på kulturområdet

*Januar 2021*

Opgåveoverføringar på kulturområdet trer i kraft

### **Vedtakskompetanse**

Fylkestinget

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** viser til utgreiing i saka, avsnitt «Finansiering».

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** styrking av satsing på det regionale profesjonelle kunst- og kulturlivet er ei satsing i dei to gjeldande regionale kulturplanane.

Sjå elles utgreiinga over.

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til framleggget frå Kulturdepartementet når det gjeld overføring av oppgåver og ansvar til Vestland fylkeskommune. Oppgåveoverføring på kunst- og kulturområdet har vore eit sentralt element i regionreforma. Det er avgjerande for at reforma skal lukkast at desse overføringane vert sette i verk.